

Mellomkirkelig råd avga følgende uttalelse om situasjonen i Midtøsten:

## NY KRISE I MIDTAUSTEN

Uttale frå Mellomkyrkjeleg råd, samla til møte 8. og 9. september 2003

Mellomkyrkjeleg råd ser med stor uro på ei ny, stor omdreining på valdsspiralen i konflikten mellom Israel og palestinarane. Vi vil på ny understreke at denne konflikten berre kan løysast med politiske verkemiddel.

I denne situasjonen vil Mellomkyrkjeleg råd særleg oppmode norske styresmakter til å gjere sitt ytterste for at fredsprosessen vert ført vidare. Her ligg eit særleg ansvar på norske regjeringa med sine gode kontaktar til begge sider i konflikten. Sidan statsministeren har hatt viktige kontaktar i sommar overfor partane, og utanriksministeren skal til Israel i nær framtid, vert det skapt forventningar til norsk innsats i den fastlåste situasjonen.

10 år etter Oslo-avtalen er det viktig å byggje på dei grensesprengjande nye premissar som då vart lagde, med direkte kontakt mellom partane og vilje til dialog. Sidan har det på baa sider vakse fram ei erkjenning av at det må dannast to statar som kan leve side om side.

Mellomkyrkjeleg råd vil særleg be norske styresmakter leggje vekt på

- at terror og valdsbruk som råkar uskyldige må stansast, anten det skjer ved palestinske sjølvmondsbombarar eller bruk av kollektiv straff frå israelsk side,
- at alle partar må ha gjensidig respekt for dei politiske autoritetane og som skal representere dei to folka,
- israelske styresmakter må gjerast ansvarleg i forhold til den spesielle rolla dei har som den sterke militære og politiske makt i regionen,
- at Israel må trekkje seg ut av dei okkuperte områda, og stoppe utbyggjinga av busetnader på palestinsk område,
- at Israel kan oppleve tryggleik innan grensene frå 1948 og palestinarane oppnå ein rettferdig fred, som sikrar danning av ein trygg stat,
- at alle forsøk på å likvidere palestinske leiarar ikkje er ein rettsstat verdig, og må opphøre.

Mellomkyrkjeleg råd vil særleg peike på kor viktig nærværet av de kristne kyrkjene er i området, og at det er eit politisk ansvar å forhindre at dei vert fortrenge frå området. Meir enn nokon gong trengst det støtte til den religionsdialogen som kan

skape varige premissar for fredeleg sameksistens i området, ikkje minst med tanke på løysing av Jerusalemsspørsmålet.

Mellomkyrkjeleg råd vil oppmode norske kyrkjelydar til bøn om rettferd, fred og tryggleik for alle partar.